

## **Innspel til arealplan i Alver kommune for ivaretakelse av drikkevasskjelde.**

Dato:13.09.2022

Vil med dette gi innspel til arealplan for Alver kommune på grunnlag av hendelser med forureining, endring av vasskvalitet og ingen omsyn til vassmiljø ved bygging av skogsveg og uttak av skog ved Langavatnet på Aase.

Me har drive gardsbruk 186/2 på Aase i sidan eg overtok i 1997. Langavatnet har lagt gjøymd til nord for Isdalsfjellet og har vore fast drikkevasskjelda for oss på Aase sidan 1930 tallet. Vatnet vert pumpa og rensa til 4 bueiningar og til fleire driftsbygg. Langavatnet og vassdraget har stor betydning for gardane sine ressursar.

Langavatnet og vassdraget er drikkevatn for folk og husdyr på Aase og har vore det i generasjoner.

Det er Isdal felles med 9 grunneigarar som eig Isdalfjellet. Heile Isdalfjellet er nedslagsfelt for avrenning til Langavatnet og fjellet er derfor sårbart for endringar i terrenget som medfører menneskeskapt erosjon og avrenning av tilkjørte masser av jord og grus.

I 2019 gav Lindås Kommune løyve til bygging av skogsveg og uttak av skog på Isdalfjellet. Som eit krav i løyve til tiltaket, skulle ikkje arbeidet føre med seg avrenning av jord til Langavatnet. Langavatnet har alltid vore kjent for landbrukskontoret og VA avdelinga, at vassdraget er drikkevatnet på Aase. Dette fordi Langavatnet var kommunalt drikkevatn for Knarvik og omegn fram til 1986 og at det er ingen på Aase som har kommunalt vatn.

I løyvet til tiltaket om skogsdrift og vegbygging var det også eit kriterie at det skulle brukast stadbundne masser av jord og berre tilkjørt stein frå godkjent prøvetakingsprosjekt ved E-39 i Knarvik.

I 2019 var underteikna i kontakt med landbrukskontoret for å få vite om planer, beredskap og håndtering av arbeidet som skulle starte så tett opp til Langavatnet. Landbrukskontoret ville ikkje dele noko informasjon med underteikna, men hadde full forståing av at drikkevatnet ikkje måtte verta påverka av arbeidet.

Etter gjentatte hendingar med stor menneskeskapt avrenning av jord direkte i drikkevatnet, gjennom fleire måneder, har me som brukere av drikkevatnet på Aase levert utallige bekymringsmeldingar og klager til Alver kommune ved landbrukskontoret og miljø og tilsyn dei siste to åra. Desse kommunale avdelingane har ennå ikkje innsett at dei arbeider imot det som Alver kommune no vil arbeide for i den nye arealplanen. Det er ikkje gjort tiltak eller satt krav til å håndtere hverken avrenning av jord til drikkevatnet, etablering av jordtipp eller tilkjørte masser med miljøavfall på Isdalfjellet.

### **Vassforvaltning og vassmiljø**

*I planarbeidet skal det gjerast vurderingar av behov for å oppdatere verkemidlar i planen slik at vi tar omsyn til vassmiljø, og bidrar til at vatnet i kommunen oppnår god vasskvalitet, jf. vassforskrifta.*

(utdrag frå informasjon om ny arealplan for Alver kommune 2022)

Etter fleire henvendelser til Alver kommune har underteikna som vannverkseigar ikkje fått noko svar på korleis kommunen følgjer opp saka og om kva krav som er stilt til tiltakshavere etter fleire store avrenningar. Som dagleg brukarar av vatnet, veit me ikkje til ei kvar tid om drikkevatnet vårt kan brukast, som vi har brukt det i over 90 år.

Alver kommune seier dei ikkje har komme så langt med sine kart, at det er lagt inn omsynssone for nedslagsfeltet for å ha kontroll på avrenning frå Isdalfjellet til Langavatnet. Dette har underteikna som vassverkseigar vore i god tru på at kommunen har hatt kontroll på i mange år, og ved løyve til skogstiltaket på Isdalfjellet.

Avrenninga fører med seg mykje av det tilkjørte jordmassene som vert tippa i skråninger mot tilførselselver, samt etablering av nye tilføreselselver i ein oppkjørt skogsbotn. Dette har medført meir bakterier og finstoff som dagleg renn gjennom vassintaket. Særleg riv dei store nedbørsmengdene som kjem, med seg mykje jord i vatnet. Dette har skapet eit stort arbeid med dagleg ekstra filtrering, rensing av vatnet og tömming av filtre og kjøring av vatn frå andre vasskilder.

Tiltakshavere har heller ikkje informert oss om endringa av tilstanden på drikkevatnet gjennom desse to åra. Tiltakshaver er heller ikkje pålagt frå Alver kommune å gjere test/prøver underveis i denne store endringen av Isdalfjellet.

Som vassverkseigar har eg av Alver kommune vorte beden om å derfor gje innspel til at Isdalfjellet, som det store nedslagsfeltet for avrenning til Langavatnet, må leggjast inn på kartet som omsynssone for privat drikkevasskjelde, i arelaplanen for 2022.

Det aktuelle arealet på Isdalfjellet må hensynstakast for all aktivitet og andre forhold som kan medføre forringelse av vasskvalitet, vassmiljø og bekymring for dagleg bruk som drikkevatn for folk og husdyr. Det er lovfesta at drikkevasskilder ikkje skal kunna forureinsast.

Som vassverkseigar følger eg *Veileding til drikkevannsforskriften § 12: Beskyttelsetiltak* der eg ber eg om Alver kommune å på nytt synleggjere tiltakshavere om krava til inga avrenning av jord til Langavatnet. Ber også om omsynssone i kart, skilting av nedslagsfelt, og hensynstaking til drikkevatnet for allmennheita si ferdsel i området.

Det er vanskeleg å få dialog med dei rette personer i Alver kommune, til å finne løysinagar og få informasjon til korleis ein skal håndtere slike situasjoner som oppstår. Eg har prøvd i 2 år å finne dei rette folka som arbeider for systemene som Alver kommune sjølv har satt, men har ennå ikkje funne dei/den. Er åpen for dialog om det som skal til for å håndtere denne store saka som betyr alt for vårt daglege drikkevatn.

Håper på svar snarast og på førehand takk.

Mvh

Arild Aase